

Forum for offentlig service



Referat frå Leiarssamling i Møre og Romsdal
Ulsteinvik 22 - 23 januar 2009

Torsdag 22

Val av ny kasserar for Leiarnettverket

Evelyn Omenås frå Stranda kommune har hatt kasseraransvar sidan nettverket vart oppretta i 2004. Etter eit kort frieri til deltakarane tok Karin Veia Sæther (Giske kommune) på seg vervet. Evelyn kom med anbefaling til den kommunen som til ei kvart tid er kasserar at dei oppretter eit eige prosjektnr. i rekneskapan den tida dei har oppgåva. Evelyn tok på seg å informere den nye kasseraren om kva som ligg i vervet.

Felles samlingar for medarbeidar og leiar ?

Det har kome ulike attendemeldingar og ønske om å fortsette med eigne samlingar for leiarane, og, eller halde felles samlingar for både leiarar og medarbeidarar.

Konklusjonen vart: 1. Eigne samlingar for leiarane - 2. Samling kvart år - 3. Kommunen som arrangerer tidfester samlinga og stad. Liv Jorunn Horgheim, Rauma kommune, tok på seg å få med seg ein medarrangør til neste års samling.

Meklar / Eigedomsservicepakke - gjennomføring og erfaring. Kva blir framtida?

(**Wenche Moltu, Herøy kommune**) Mange servicekontor har meklarpakkar. Vi var interessert i å høyre korleis dette fungerer i praksis. Wenche la fram intensjonane for ordninga, og kva inntening kontoret har hatt på tenesta frå oppstart. Ein klar føresetnad for at tenesta skal fungere er at byggesaksarkivet og servicekontoret er samlokalisert. Vi diskuterte også om Infoland vart eit forseinka mellomledd for dei kommunane som nyttar dette.

Foilane er lagt ved til deltakarane.

Borgerservice / Callsenter - Erfaringar frå studietur til København,

(**Gøril Egset, Molde kommune**) Servicekontoret i Molde er inne i ein endringsprosess. For å få innspel til å tenke nytt var kontoret på besøk i København der dei såg på tenestar og organisering av Borgerservice og Callsenter. København har 600.000 innbyggjarar berre i bykjernen, så føresetnaden for organisering og tenester er ei heilt anna utfordring enn i norske byar og tettstadar. Ein kan likevel dra nokre parallelar og få inspirasjon til vegen vidare. Dette vart formidla av ein entusiastisk deltakar frå studieturen! *Foilane sendt i eiga sending.*

Utpå ettermiddagen tok vi buss til Aasen-Tunet i Ørsta for omvising, film og middag. Aasen-Tunet arrangerte iskonsert ved utescena (v. Terje Isungset og Lena Nymark) Det vart ein spesiell konsert i mørkret, som ein sjeldan får høve til å oppleve!

Fredag 23

Informasjonsarbeid ved Torgeir Dimmen, lærar ved journalistikk og mediefag, HIVolda.

Denne dagen var det fokus på servicekontora si rolle i informasjonsarbeid og vi spurde oss sjølve om kommunane tek dette på alvor. Dimmen kalla forelesinga "Servicekontoret som aktør og ambassadør". Det vart ein lærerik dag, med mange diskusjonar og oppgåver. Ikkje minst fekk vi nyttige tips på vegen.

Foilane sendt i eiga sending.

Leiarssamlingane er eit kjærkome påfyll og pusterom i ein travel kvardag :)